Besøksstrategi Hamaren Aktivitetspark

FAUN RAPPORT 028 | 2022 | Utviklingsprosjekt
| Monica Sølyst og Birgith R. Lunden

Foto: Monica Sølyst, Faun

Tittel:
Besøksstrategi for Hamaren Aktivitetspark

Rapportnummer: 028/2022

Forfatter
Monica Sølyst og Birgith Reinskås Lunden

Årstall: 2022

Tilgjengelighet: Opent

Oppdragsgiver:
Fyresdal kommune

Prosjektansvarlig oppdragsgiver:
Aslak Momrak-Haugan

Prosjektleder i Faun:
Birgith Reinskås Lunden

Prosjektmedarbeidere i Faun:
Monica Sølyst

Emneord: Besøksstrategi, tiltaksplan, Hamaren Aktivitetspark, reiseliv, oppleving, skiltplan, parkering, attraksjon

Antall sider
23

Innhold

1. Innleiing 4
1.1 Formål 4
1.2 Kort om rammeverk 4
2 Kunnskapsgrunnlaget 4
2.1 Sårbare natur- og kulturverdiar 4
2.2 Universell utforming 5
2.3 Lokalt næringsliv 5
2.4 Den besøkande 5
2.5 Opplevingar i området 6
3 Prioriteringar og strategiske grep 8
3 Kommunikasjonsplan 13
4 Tiltaksplan 18
5 Utkast til årshjul 22

Framsidefoto: Monica Sølyst

1. Innleiing

Hamaren Aktivitetspark er ikkje omfatta av eit vernevedtak, men området er statleg sikra som friluftsområde. Tradisjonelt blir det utarbeidd besøksstrategiar for områder med verneverdiar innan natur og/ eller kultur. I dette området er området sikra som friluftsområde. Basert på erfaringar frå populære turistdestinasjonar som slit med skjemmande spor i landskapet og slitasje på naturen etter masseturisme, ynskjer ein å vere føre var og arbeide for at tiltaket ikkje reduserer verdi og oppleving av området, det gjeld både lokale og besøkande.

1.1 Formål

Formålet med denne besøksstrategien er å sikre at ein tar vare på kvardagsnaturen og landskapet, og dei kjente kulturverdiane nær Hamaren Aktivitetspark.

1.2 Kort om rammeverk

Det føreligg ein forvaltningsplan for statleg sikra friluftslivsområder, som omfattar Prestegardsstronda og Klokkarhamaren. Forvaltningsplanen gjeld perioden 2020-2024. Politisk handsaming og vedtak i kommunestyret, og godkjenning av planen i Vestfold og Telemark fylkeskommune, 05.02.2021.

Eit prinsipp som er viktig for arbeidet med besøksstrategien er §9 i naturmangfoldlova (føre-var – prinsippet).

«Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.»

2 Kunnskapsgrunnlaget

2.1 Sårbare natur- og kulturverdiar

Naturverdiar

Området som Hamaren aktivitetspark omfattar er å definere som «kvardagsnatur» med representativ flora og fauna for regionen. Det er ikkje påvist spesielle naturverdiar, men likevel har arealet betydning for naturmangfaldet.

Hamaren aktivitetspark er tilrettelagt med eit godt turvegnett, som har resultert i dagens besøksmengde. I tillegg finn ein andre stiar som er har etablert seg frå gamalt av og som også kan vere gamle dyretrakk. Det eksisterande stinettet er med på å redusere slitasje og ein hovedmengda av besøkande.

Trass i at det ikkje er påvist spesielle naturverdiar, er det likevel viktig å tenke på den totale belastninga som summen av alle tiltak spredt rundt i Hamaren utgjer. Det er viktig å ha fokus på å avgrense inngrepa i parken og redusere fotavtrykket til inngrepa så mykje som mogeleg. Ein viktig kvalitet i Hamaren aktivitetspark er naturen og det bør vere fokus på å tape minst mogeleg kvardagsnatur.

Kulturverdiar

Når det gjeld kulturverdiar har ein eit område mellom Fyresdal næringshage og Fyresvatn eit automatisk freda gravfelt; Prestestranda, gravfelt. Totalt er det 4 gravhaugar frå jernalder, der tre av dei har automatisk fredning som status, og det eine har uavklart status.

Det er dette området i parken som pr. i dag med mest slitasje. Over fleire år har det utvikla seg til å bli ein sti over dette gravfeltet. Det er ikkje tilrettelagt eller merka kor ein skal gå forbi dette området, men det har blitt eit naturleg tråkk innimellom flotte furutre. Noko av årsaka til dette er nok at folk ikkje ynskjer å gå tett inntil næringshagen. For kulturverdiane er det negativt at slitasjen har fått etablert og forverra seg. Kommunale planar

om ein «boardwalk» forbi gravfeltet, har vore grunnlag for drøfting mellom kommunen, fylkeskommunen og Riksantikvaren. Forhåpentlegvis vil ei tilrettelegging med plankedekke lede folk til å gå utanom gravfeltet og buffersona til kulturminnet. I tillegg vil det betre forholda for besøkande til parken som nyttar rullestol eller barnevogn. Slitasjen er no så ille at det stikk opp røter som gjer det vanskeleg å ferde her.

2.2 Universell utforming

Heilt frå ein starta planlegginga av parken har det vore fokus på universell tilrettelegging og at parken skal vere for alle. Turvegen rundt er universell utforma. Tretoppvegen er delvis universell, men har i korte strekk ein stigning opp mot 7,5%. Utbetringar knytt til universell utforming ligg i tiltaksplanen.

2.3 Lokalt næringsliv

Hamaren Aktivitetspark er eit reiselivsprodukt i stadig utvikling. Eit tidleg mål var at parken skulle auke stadattraktiviteten og bidra til auka bulyst og tilflytting. Med tretoppvegen som skal vere ferdig i 2023, er målet at parken blir eit nav i utvikling av lokalt næringsliv i Fyresdal. Verdiskapinga bør ligge i utvikling av omkringliggande næringar. Parken skal vere med å skape interesse for Fyresdal som reisemål.

Fyresdal er ein monaleg hyttekommune. Kommunens overnattingsdøgn er i stor grad knytt til hyttegjester og det er i dag ein relativ liten andel gjester i kommersielle anlegg. I fylgje «Mulighetsstudie for Fyresdal basert på etableringen av Hamaren Aktivitetspark», utarbeidd av Mimir, er det få overnattingstilbod, og dei fleste er små anlegg.

Reiselivet i Fyresdal er lite og fragmentert og har for små økonomiske musklar til å leie ei utvikling på eiga hand. I 2022 samlar reiselivet seg i eitt bedriftsnettverk som baserer seg på at Hamaren Aktivitetspark tar posisjonen som nav og spissprodukt. Det øvrige reiselivet skal kople seg opp mot parken i marknadsføring og annan kommunikasjon med marknaden.

Det må arbeidast med ein modell for drift og vedlikehald av parken. Dette vil bidra til at parken blir eit sjølvstendig reiselivsprodukt og ein viktig spydspiss i reiselivet i Fyresdal.

Viktige dokument og prosessar å kjenne til er «Mulighetsstudie for Fyresdal basert på etableringen av Hamaren Aktivitetspark», skrive av Mimir i 2021, samt Vest-Telemark Rådets Reisemålsutviklingsprosess, leia av Visit Telemark, som inkluderer lokale prosessar i kommunane. Prosessen skal munne ut i ein handlingsplan for reiselivet i Fyresdal i 2023.

2.4 Den besøkande

I april 2019 blei det montert besøksteljar på fjellbrua i Hamaren. Parkadministrasjonen har valt å ta utgangpunkt i talet på besøkande som passerer inn i parken via tømmerrenna (frå Fyresdal Næringshage). Talet på besøkande er derfor noko høgare enn det som blir vist, då ca 12% kjem inn i parken frå andre kanten.

Eit utdrag av besøksstatistikken ser slik ut:

År	Årleg besøkstal	Jun/jul/aug
2020	10 725	4 159
2021	9 615	3 509
2022*	11 144	7 132

*) pr. 311022



Figur 1 Visar gjennomsnittleg auke i besøk pr dag, veke og helg frå 2021 til 2022.

Uformelle observasjonar viser at dei fleste av dei besøkande er dagsturistar, hyttefolk og fastbuande. Hovuddelen parkerer ved Fyresdal Næringshage. Fleire parkerer også i sentrum i samband med handel.

Attraksjonen Tretoppvegen i Hamaren skal trekke fleire besøkande til parken og til Fyresdal. Det blir gjort grep for at sentrum blir ein del av Hamaren Aktivitetspark og for at ein større del av dei besøkande overnattar i kommersielle anlegg.

Hovudmålgrupper for parken

I tråd med Visit Telemark si satsing er den viktigaste målgruppa for Hamaren Aktivitetspark norske reisande som vil ha «tid saman» og vil «ut i naturen». Reiselivsaktørar i Fyresdal legg til rette for reisande som ynskjer naturbaserte opplevingar som fjellturar, padling, fiske og sykkelturar. Fyresdal har og eit aktivitetstilbod for gruppa som av ulike grunnar ikkje kan delta i naturbaserte opplevingar, då parken er universelt utforma.

Fyresdal har fleire utanlandske turistar samanlikna med resten av Vest-Telemark. Det er viktig å tenke på når ein skal skilte og gjere det greitt for reisande å ta seg fram i parken.

Det er framleis eit ynskje om at lokalbefolkninga skal nytte Hamaren som eit rekreasjonsområde og som eit gode ved å bu i Fyresdal. Ein måte å ta omsyn til dei lokale er ved tilpassa parkeringsplassar, informasjon om besøksfrekvens i parken og lokale arrangement.

2.5 Opplevingar i området

Tretoppvegen
Ein to meter brei gangveg i tremateriale som slynger seg mellom furutrea på stolpar opptil 15 meter. Stigningsgrad varierar, men går aldri over 7,5%. Tretoppvegen tar deg frå turvegen langs vatnet og til den høgaste toppen i Hamaren, Klokkarhamaren. Vegen byr på spektakulær utsikt og unik opplevelse.

Fjellbrua
Fjelbrua er ei spektakulær gangbru rundt Hamarens sørlegaste punkt. Den er sett saman av ei trebru konstruert som ei tømmerrenne til minne om fløytingstida i Fyresdal, deretter kjem ein inn på ei ei fjellhengt trebru, før den igjen går over i ei tømmerrenne på vestsida av Hamaren. Fjellbrua blei ferdig i 2016.

Universelt utforma turveg
Heile turvegen rundt Hamaren er universelt utforma og passar for alle brukargrupper. Vegen er grusa og held for det meste 2,5 meters breidde. Total lengde ca. 2,4 km. Terreng: Lett. Gangtid ca. 45 minutt.

Leikedyra
Dette området er ein leikeplass for dei minste borna. Her står to skulpturar designa og bygd av Valebjørg Design. Ein rev og ein bjørn til å klatre i, skli og utforske. Her er og klatre og balanse element laga av tømmer frå nærområdet. Vi håpar at området skal utviklast med fleire skulpturar og element etter kvart.

Klatreløype
Langs turvegen frå grillhytta til utekjøkkenet har Høyt og Lavt sett opp ei klatreløype hovudsakleg tilpassa born over 6 år. Her er klatrenett, zipline og balanseelement. Løypa er ca 40 meter.

Tretopptrampoline
Nær utekjøkkenet er det sett opp ei trampoline oppe i furutrea. Trampolina er 5 x 5 meter stor, med 2 meter høge kantar. Adkomst via taustige. Trampolina passar for dei som klarar å klatre i stigen.

Stisykkelløype
Midt i parken ligg ei 1 km lang retningsstyrt stisykkelløype. Du syklar opp ein veg og ned att ein annan. Løypa inneheld 11 hinder av ulik at som gjer turen meir spanande. På toppen av løypa har elevar frå Gimle skule laga benkar og bord for ei rast.

Utekjøkkenet
Midt i parken, ved starte av tretoppvegen, ligg utekjøkkenet. Det er ein open konstruksjon med tak. Her er det bakaromn og propanbluss til matlaging. Det ligg eit vedlager i bakkant. Det er ein dugnadsgjeng i Moland Vel som fyller lageret med ved. Utafor utekjøkkenet er det benkar og ei bålpanne.

Grillhytta
I nordenden av parken, nedom Fyresdal Pleie- og omsorgssenter er det sett opp ei grillhytte, standard utforming. Hytta kan brukast av alle, men du må låne nøkkel. Hytta ligg i tilknyting til Rampeskogen.

Klokkarhamaren (toppen)
På Hamarens høgaste topp, Klokkarhamaren (343 moh) er det sett opp to gapahukar, benkar og ei bålpanne. Det er bratt opp, men stien er grusa slik at det er lettare med til dømes barnevogn. Gapahukane er egna for overnatting, ein liten og ein stor. På toppen finn du benkar av ulike slag og skulpturen Seljebladet, designa av Valebjørg Design. Seljebladet er ein liggestol festa i eit furutre, der du kan ligge og nyte utsikten over Fyresvatn.

Plattingen (Yogaplattingen)

Nedanfor grillhytta, nordvest i parken er det laga til en stor platting ved Fyresvatn. Ved høg vasstand fluktar plattingen vatnet. Plattingen er tenkt å vere ein fin måte for personar med nedsett funksjonsevne å kome tett på vatnet. Plattingen viser seg også å vere egna til ulike aktivitetar som yoga, sirkeltrening, meditasjon, eller som samlingsplass.

Natursti
I parken kan du lære meir om lokalt dyre- og planteliv, treslag, historie og eventyr gjennom flotte naturstiskilt. Skilta er tilpassa barnehageborn og småskuleelevar. Plasseringa er på stader som passer til tema, nokre nær turvegen, andre eit stykke ifrå. Plasseringa er merka på kart. Skilta er merka med små piler frå turvegen. Skilta er laga av elevar ved Gimle skule.

Egen organisert aktivitet
Hamaren er eit friluftslivsområde som er delvis tilrettelagt med elementa og installasjonane nemnt ovanfor. Men Hamaren har og rom for mykje eigen organisert aktivitet. Her er steinar til buldring, stiar å utforske, rotvelt å gøyme seg bak og stubbar å hoppe i frå. Det er fint at desse kvalitetane ikkje er skilta, slik at brukarar av parken kan bruke fantasien til å nytte dei naturlege delane av parken slik dei vil.

Kulturminneløype
Moland kulturminneløype går parallelt med turløypa i Hamaren eit lite stykke. Kulturminneløypa har utgangspunktet i Fyresdal sentrum ved Bygdetunet Øyskogen. Her kan du velje om du vil gå heile løypa (Folkestadbyen + rundløypa om Bryggjeparken og Saukro/Hamaren) eller berre éi av sløyfene. Heile turen tek i underkant av ein time alminneleg turtempo. Store delar av løypa er tilgjengeleg for rullestol.

Folkestadbyen
Folkestadbyen er kommunens sentrum. Dei gamle husa ligg på rekke og rad som ein liten landsby. Landsbyen oppstod då folk frå grendene flytta med seg husa sine til «sentrum» på starten av 1900-talet. Her etablerte fleire seg innan tenesteyting som skomakar, landhandlar, garveri og liknande. Her budde og lensmannen og skipperen på dampbåten Fyrisdølen. Alle husa i Folkestadbyen er merka med tavler som fortel historia til huset.

3 Prioriteringar og strategiske grep

3.1 Strategiske prioriteringar for besøksforvaltninga

Lokale natur- og kulturverdiar

- Ta vare på kvardagsnaturen
- Føre-var-prinsipp
- Tilpass tiltak til terreng og vegetasjon
- Minst mogeleg tap av natur
- Reversible inngrep
- Sett inn tiltak før slitasje/ skade har blitt for stor

Lokalt næringsliv

- Ei berekraftig auke i talet på besøkande
- Dei besøkande blir over lengre tid
- Hamaren aktivitetspark blir eit nav i reiselivet
- Næringslivet tener på tilretteleggingа og parken gjev grunnlag for nyetableringar

Den besøkande

- Gode og trygge opplevingar
- Infrastrukturen (parkering og skilting) er forståeleg og korrekt
- Naudsynte fasilitetar er på plass (universelt utforma informasjon, toalett mm)

Dei lokale

- Rekreasjonsområde for lokale
- Skule og barnehage skal framleis kunne bruke Hamaren aktivitetspark som eit trygt og tilgjengeleg uteområde i kvardagen
- Parken skal bidra til auka stadkjensle og «Pride in Place»

Vidareutvikling av aktivitetsparken

- Heilskapleg uttrykk i materialbruk, formål og funksjon
- Universell tilrettelegging
- Kvalitet framfor kvantitet
- Utvikle noko som er unikt og samstundes stadtilpassa

3.2 Strategiske grep

Strategisk grep for attraksjonsutvikling

Sidan 2017 har parkområdet fått nye installasjonar og mykje tilrettelegging. Ein viktig del av attraksjonsverdien til parken er at den også har mykje natur utan fysiske inngrep. Når ein planlegg vidareutvikling av parken er det viktig å ha fokus på at dette er ein kvalitet. Det er og ein kvalitet at parken har element som store steinar, stiar og rotvelt, der besøkande kan nytte fantasien og aktivisere seg sjølv om dei vil.

Parkens design er viktig. Bruk av tre, naturtilpassing og reine linjer er med på å gje parken eit heilskapleg uttrykk som besøkande kjenner seg igjen i. Parken har motteke både nasjonale og internasjonale prisar for sitt inkluderande og fine design. Materialbruk og heilskapleg design bør ligge til grunn ved vidare utvikling av parken.

Strategisk grep for verdiskaping

Konseptet Hamaren Aktivitetspark skal vere inkluderande i design og uavhengig av økonomiske føresetnader. Mange familieparkar er svært kostbare og ikkje alle har økonomi til å ta del i slike opplevingar. Dette bidreg til å auke sosial ulikskap i samfunnet. Hamaren Aktivitetspark skal bidra til å jamne ut sosiale skilnader og gje alle ei god oppleving uavhengig av funksjonsevne og økonomi.

Verdiskaping blir likevel viktig å få til ved å legge til rette for at lokalt næringsliv er godt synleg og har relevante tilbod som matservering, overnatting, detaljhandel, drivstoff og lokalproduserte varer. I tillegg er det aktuelt å bruke parkeringsavgift som inntektskjelde.

Det blir viktig å synleggjere godt på nettsider og informasjonstavler kvar ein kan parkere og kva det kostar. Butikkane i sentrum skiltar sine plassar med kundeparkering. Ein ide kan vere å ha tidsavgrensing på kor lenge det er tillat å parkere på kundeparkeringane, slik at ein ikkje får uønskt parkering der. Då ein ikkje veit kor mange besøkande det vil kome, føreslår vi ein prøvesesong og deretter evaluere.



Figur 2 Forslag til parkeringsareal for besøkande til Hamaren aktivitetspark

Aktuelle parkeringsplassar

- ved idrettshallen
- ved samfunnshuset
- ved bankplassen
- ved næringshagen

Fleire turistplassar nyttar VIPPS som betalingsmåte for norske turistar. Dette fungerer godt, men er ikkje ei god ordning for utanlandske gjester. Pay pal eller Mobile pay er noko som blir nytta for den utanlandske marknaden. For å styre parkering dit ein vil, kan ein legge opp til differensierte prisar. Til dømes høg pris ved Fyresdal næringshage og rimelegare i sentrum, for å trekke folk nærare kassaapparat i Folkestadbyen. HC parkering bør ha fast pris uansett lokalisering.

Forslag:

- ved næringshagen: 100-200 kr

- på bankplassen: 100 kr

- ved idrettshallen og samfunnshuset: 50 kr.

- HC-parkering: fast pris 50 kr uavhengig av lokalisering

Eit verktøy for å sjå innteningspotensialet for ulik type parkeringsavgifter:

https://www.p-norge.no/kalkulator?view=form

Parkeringsavgifta må gjelde all parkering i sentrum på kommunens areal, uavhengig av føremålet for parkering. Det er ikkje høve til å ta betaling berre for dei som skal nytte Hamaren Aktivitetspark. Vi foreslår at det utarbeidast eit konsept som fritek lokale innbyggarar og gjentakande gjester. Konseptet må utgreiast og handsamast politisk før iverksetting.

Strategisk grep for oppleving og trafikktryggleik

Trafikktryggleiksutvalet i kommunen bør vurdere alle forslag i planen som påverkar trafikktryggleiken.

Oppmerking: Generelt for alle parkeringsplassane er det viktig å markere oppstillingsplassane med rammer, samt med symbol for HC-parkering.

Turbussar: Området rundt Gimle Skule er ei «hjartesone» og ein bør avgrense trafikk inn i dette området. Vi foreslår at turbussar som skal til Hamaren Aktivitetspark parkerer nede ved Næringshagen, mellom kyrkjegarden og sandvolleyballbanen.

Frå parkering ved samfunnshuset/idrettshallen til inngangsportal nord: Det er utfordrande å lede gåande frå parkering ved samfunnshuset og idrettshallen til portalen ved grusbanen. Det er to universelle alternativ i dag, mellom skulen og grøntarealet ved biblioteket og Gardar, og på fortauet sør for samfunnshuset og ned til helsehus og barnehage. For dei besøkande vurderar vi det som mest triveleg å gå gjennom skuleområdet. Dette er også den strekninga som har minst variasjon i stigning, og det er minst kryssing på trafikkert veg. Dersom trase gjennom skuleområdet blir valgt, bør ein markere vegen forbi lærarinngangen med skilting og ev. med markering i vegbanen.

Korleis mjuke trafikantar skal kome seg trafikksikkert frå parkeringa ved idrettshallen og ned til gangvegen mellom skuleplassen og rampa har eit forbetringspotensiale også med dagens forflyttingsmønster. Arealet er stadvis litt utflytande og kunne hatt nytte av litt oppstramming. Det hadde vore ei styrke om området hadde eit markert areal eller ein trasé for mjuke trafikantar. På skiltplanen er det vist eit alternativ på tvers av det grøne plenarealet utanfor idrettshallen, med bakgrunn i at mjuke trafikantar ofte vel snarvegar.

Intuitiv markering av anna vegareal: I skiltplanen, sjå kartutsnitt under, viser raud stipla linje til areal som ikkje har eksisterande gangveg i dag, men som alternativt kan bli markert med symbol/fotspor/logo eller farge i asfalten for å tydeleggjere kor ein tilrår dei besøkande å gå. Svart markering viser strekning med eksisterande gangveg/fortau.

Figur viser ein oversikt over kva slags parkeringsareal som bør bli markert særskilt for besøkande til Hamaren Aktivitetspark. Figur 4 viser døme på fotspor.



Figur 3 Svart stipla linje viser til eksisterande gangveg/fortau, raud stipla linje er anna vegareal som med fordel kan ha ei fysisk markering for å gjere det enklare for besøkande å finne fram.

Figur 4 Visar eksempel på markering av vegbane i form av fotspor. Intuitivt for gåande og ikkje forvirrande for bilistar. Foto: Lillestuas Blogg.



Figur 5 Oversiktskart som viser parkering og areal for særskilt merking for besøkande til Hamaren Aktivitetspark.

3 Kommunikasjonsplan

Skilting vil vere ein sentral kommunikasjonsform for Hamaren Aktivitetspark, ut til andre aktørar. I arbeidet med besøksstrategien er det utarbeidd forslag til ein skiltplan. Det er laga ei liste over talet på skilt som bør bli bestilt og forslag til tekst, jf. Figur , Figur og Tabell 1.

Ei god løysing for vidare kommunikasjon av Hamaren Aktivitetspark er å utarbeide ein visuell profil med ny logo og tilhøyrande grafikk. Den visuelle profilen vil gjere det enklare å kommunisere på skilt, informasjonstavler, informasjonsmateriell, reklameeffektar (t-skjorter, koppar, handlenett) til sals for gjester eller ved andre høve.

Det har ikkje vore rom for å utarbeide denne visuelle profilen i arbeidet med besøksstrategien. Utkast til ei informasjonstavle basert på gjeldande logo ligg vedlagt dokumentet.

I tillegg til fysiske skilting bør det bli arbeidd med kva som skal bli formidla på nett, og på kva slag nettsider. Mange besøkande brukar internett og google i forkant av besøket sitt. Besøkande bør få gå oversikt over parkeringsplassar, ev. forskjell i kostnad, kor er det best for barnefamiliar å parkere, og kor ein finn dei ulike HC-parkeringsplassane mm.

Figur 6 Ei nettside eller ein webdokumentar som kan få fram viktig informasjon til besøkande vil gjere det enklare å kommunisere til besøkande.



Figur 7 Oversiktskart over parken og Folkestadbyen som viser forslag til plassering av reningsskilt (grøne markørar), informasjonspunkt (svarte markørar) og konseptskilt (blå markørar). Tal og bokstavar referer til liste på neste side.

Fleksible retningsskilt

Tabell 1 Oversikt over kor ein treng skilting. Forkortinga ts betyr at skiltet skal ha same tekst på to sider. NB! Pilene blir ikkje same veg.

	Lokalisering langs stien	Retning mot aust	Retning mot vest	Retning mot nord	Retning mot sør
A	Ved Sauekro	Bryggeparken Folkestadbyen	x	x	Fjellbrua Tretoppvegen
B	Nær Munhola	x	Monkehola (ts)	x	x
C	Klokkarhamaren			Snarveg til Bryggeparken	
D	Nær Skogtun	Folkestadbyen (ts)	Hamaren Aktivitetspark		
E	Ved idrettshall/bibliotek	x	Hamaren Aktivitetspark (ts)	x	Folkestadbyen (ts)
F	Ved helsehus/Gimle skule	Folkestadbyen	Hamaren Aktivitetspark	x	x
G	Grusbanen	x	Klokkarhamaren Stisykkelløypa	Grillhytta Leikedyra Klatreløypa Tretopptrampoline Yogaplattingen Utekjøkkenet	Folkestadbyen
H	Krysset over til utekjøkkenet	x	Stisykkelløype	x	Klokkarhamaren (tosidig)
I	Nær do og utekjøkken	Utekjøkkenet Stisykkelløypa	X	Yogaplatting Grillhytta Leikedyra Klatreløypa Tretopptrampoline Folkestadbyen	Fjellbrua Bryggeparken Folkestadbyen
J	Nær yogaplatting	x	Yogaplattingen (tosidig)	x	x
K	Nær grillhytta	x	Leikedyra Klatreløypa Tretopptrampoline Utekjøkkenet	Yogaplatting (ts) Fjellbrua (ts) Bryggeparken (ts)	Folkestadbyen (ts)
L	Ved SPAR		Parkering (ts) Informasjon (ts)		Hamaren Aktivitetspark
M	Hjørnet Øyskogen		Hamaren Aktivitetspark	Parkering Informasjon	
N	Hjørnet (nord) på kyrkjemur	Folkestadbyen			Hamaren Aktivitetspark
O	Hjørnet (sør) på kyrkjemur		Hamaren Aktivitetspark	Folkestadbyen	

Konseptskilt

1. Gravhaugar
2. Vond lukt på grunn av reinseanlegg
3. Fjellbru
4. Gapahuk + seljeblad på toppen
5. Tretoppvegen
6. Utekjøkkenet (reglar for bruk)
7. Stisykkelløypa
8. Tretopptrampoline
9. Klatreløypa (hinderløype)
10. Leikedyra (rev og bjørn)
11. Grillhytta (reglar for bruk)
12. Yogaplatting

Informasjonspunkt

i-1 Inngangsportal sør, ved næringshagen (2 tavler)

i-2 Hovudpunkt i sentrum på bankplassen (4 tavler)

i-3 Informasjonspunkt på musikkbingen/ idrettshallen.(1 tavle)

i-4 Inngangsportal nord, ved grusbanen (1 tavle)

i-5 Stort kart sentrum (1 kart)

i-6 Inngangsportal nord, ved Pleie og omsorgssenteret (1 tavle)

Figur 8 Nytte standard fargar og malar frå merkehandboka.

Figur 9 Forslag til utforming av informasjonstavle. Det trengs å oppdatere kartgrunnlaget og måle inn nye stiar og aktivitetar som ikkje syns i dagens kart. Dette må på plass før informasjonstavla kan bli ferdigstilt. Valg av bilete kan også bli endra. På dette kartet bør det kome tydeleg fram kva som er universell løype.

4 Tiltaksplan

Vi har utarbeidd ein tabell som viser ulike tiltak som er kategorisert som fysisk tilrettelegging, formidling og styrande dokument. I tillegg har vi vist til kor det er forankra eller om det er ei tilråing. Tiltak er også vurdert på ein skala; må, bør og skal gjennomførast og det er sett opp ein tilrådd frist.

I etterkant av tiltaksplanen er det lista opp konkrete vedlikehaldstiltak som bør vere utført før opning av tretoppvegen 2023.

Tabell 2 Tiltaksplan for Hamaren Aktivitetspark

Nr	Tiltak	Kategori	Formål	Forankring	Tilrådd frist	Må/bør/kan
1	Toalett ved utekjøkken	Fysisk tilrettelegging	Universell tilrettelegging – gjere parken meir bruksvenleg for alle	Forvaltnings plan	Hausten 2022	MÅ
2	Universelt utforma gangbane ved gravfelt, framfor næringshagen	Fysisk tilrettelegging	Ta vare på automatisk freda kulturminne, samt gjere adkomst til parken tilgjengeleg for alle	Forvaltnings plan Rapport Norconsult 2021	Før opning av tretoppvegen 2023	Må
3	Framtidig utviklingsstrategi for Hamaren – ein eigen temaplan i etterkant av samfunnsdelen til kommuneplanen	Styrande dokument	Legge føringar for vidare utvikling for å sikre ei heilheit i fysiske tiltak, materialval og utforming.	Temaplan forankra i kommune-planens samfunnsdel	I tråd med fristar for arbeidet med kommuneplan og samfunnsdelen	Bør
4	Årshjul for drift og vedlikehald, inkludert skjøtselsplan. Innmelding feil og manglar.	Styrande dokument	Gjere område attraktivt og trygt som tur- og aktivitetsområde. Rydde lauvtre. Furuskogen skal bli halde fri for oppkome av lauv og kratt. Enkel plukkhogst, fremme utsikt og rydde vindfall.	Tilråing	Før opning av tretoppvegen 2023	Må
5	Skilting – retningsskilt og informasjonstavler/ konseptsskilt innhald og utforming	Formidling	Sikre at området er lett tilgjengeleg og at ein får med seg alle attraksjonane i parken.	Krav med tanke på spillemiddel ordning	Bestille i oktober eller vente til våren 2023, dersom ein får midlar til justering av logo/visuell profil ?	Må
6	Besøksteljarar	Formidling	Ved start tretoppvegen og ved inngang nord (grusbanen).	Tilråing	Før opning av tretoppvegen 2023	Kan
7	Kvileplassar med universelt utforma benkar.	Fysisk tilrettelegging	Sikre at området er lett tilgjengeleg.	Rapport Norconsult 2021	2023	Må
8	Utarbeide visuell profil og ny logo	Formidling	Den visuelle profilen skal stå i stil med innhaldet i parken.	Tilråing	Haust 2022 slik at ein kan bestille skilt med nytt design vinteren 2023.	Må
9	Prosess Statens vegvesen med mål om skilting langs fv.355	Formidling	Lede besøkande til der vi ynskjer at dei skal parkere.	Trafikksikke r kommune	Oppstart haust 2022	Må
10	Informasjonspunkt i sentrum som viser kart over Hamaren aktivitetspark og Folkestadbyen, på sikt også informasjon om andre turar i nærområdet.	Formidling	Lede besøkande inn i sentrum og sikre at dei får med seg alle attraksjonane i parken.	Bedriftsnettv erksarbeid Folkestadbye n	Før opning av tretoppveg 2023	Må
11	Prosess avklare parkeringsavgift.	Inntekter	Få inn pengar til drift og utvikling	Bør bli drøfta politisk	Vinter 2023	Må
12	Oppdatere tekst om Hamaren aktivitetspark på Fyresdal kommune si heimeside – link til denne på informasjonstavlene	Formidling	Minst mogeleg tekst på informasjonstavlene slik at dei er relevante i fleire år.	Tilråding	Når nye informasjonsta vler blir sett opp	Må

Nr	Tiltak	Kategori	Formål	Forankring	Tilrådd frist	Må/bør/kan
	vha QR-kode – Teksten må vere oversett til engelsk.					
13	Syte for universell tilrettelagt grillplass ved gapahuk på toppen, som heng saman med tretoppvegen. Og universell tilgang til den øvste gapahuken	Fysisk tilrettelegging	Gjere opplevinga med tretoppenvegen komplett for alle.	Tilråding	Før opning av tretoppveg 2023	Bør
14	Oppdatere informasjon på Google Maps, 1881, NAF Reiseplanlegger, Visit Telemark, kommunen si heimeside og UT.no og facebooksida til Hamaren Aktivitetspark	Formidling	Gje besøkande ei god oppleving under planlegging og opphaldet i Fyresdal og Hamaren Aktivitetspark. Vise informasjon om parkering, kostnadar og kva som er universelle parkeringsplassar	Tilråding	Før 2023 sesongen	Må
15	Opprette geofilter for Snapchat, Instagram Facebook	Formidling/ marknadsføring	Ved å la besøkande få bruke filter med Hamaren Aktivitetspark på sine eigne bilete, som blir delt på sosiale media, får ein gratis marknadsføring	Tilråding	Før opning 2023	Bør
16	Utarbeide eit aktivitetskart til å ta med ut i parken, spesielt utarbeidd for born. Håndteikna med ulike spørsmål om kva du finn i parken. Sjå vedlegg for inspirasjon.	Formidling	Ein ekstra oppleving og tilrettelegging for barn. Hjelper til å aktivisere og guide familiane rundt i parken. Kan vurdere enkel premiering som blir henta hjå ein av butikkane i sentrum. Kan selgast og bidra til inntjening.	Tilråding	Før opning 2023	Bør
17	Ferdigstille barnas turplass med element som er søkt inn midlar til.	Fysisk tilrettelegging	Gjere området meir spennande for dei minste.	I tråd med innvilga tilskot	Før opning av Hamaren 2023	Må

Konkrete vedlikehaldstiltak som bør vere utført før opning av tretoppvegen 2023

- Flise sti frå sjørøverskuta mot trampolina for å vere i forkant. Unngå slitasje

- Fjerne brente sidebrett på eksisterande bålpanne på toppen eller sett opp ny

- Pusse og beise eksisterande bord og benkar i heile parken

- Nøkkelboks ved grillhytta og utekjøkkenet

- Informasjonsskilt som forklarar bruk av dei ulike attraksjonane – sjå skiltplan

- Fleire bålplassar

- Vurdere stabbestein langs turveg mot grusbanen, for å tydleggjere linjeføring.

- Fjerne forbudskilt (hest) ved brua nær renseanlegget

- Flytte skilt om gravhaugar, gjere det meir universelt tilgjengeleg.

- Ta vekk treskilt (tomt informasjonstavle) ved brua nær renseanlegget, ved reven og ved Bondalhuset.

- Renovering insektshotell

- Få opp natursti-skilt tema fisk

- Vurdere fleire søppelbøtter (fjellbrua, ved reven, hinderløypa)

- Informere om natursti-skilt på ein annan måte. Lage aktivitetskart som gjer det morosamt å finne alle temaskilta

- Den gamle skiløypa – vurdere kva den skal bli bruka til og ev. gjere vedlikehaldstiltak

- Ta vekk alle gamle skilt, og erstatt med nye

- Lage og sette opp fleire vipps-skilt

- Vurdere å lage «vegg-hengt» benk på toalettet ved utekjøkkenet

- Vedlikehald av «Bukkane bruse-brua»

- Vedlikehald grillplass ved «barnehagetoppen» og vurdere å rydde utsikt mot vatnet.

- Vurdere plassering av containerane ved barnehagen

5 Utkast til årshjul

Før sesong- før 1.mai

- Rake sykkelløype
- Generelt vedlikehald på turvegen og avstikkarar
- Sjekke grusen ved fjellbrua i begge endane
- Kantklypping langs heile turvegen
- Generelt vedlikehald på bygg, installasjonar og skilt

Kvar veke

- Sjekke boltar, taug og treverk mm i hinderløypa
- Søppeltømming (bør bli sjekka dagleg i hovudsesong)
- Sjekke hindringar i turvegnettet (vindfall, kvistar mm)
- Reinhald av toalett minimum 2-3 gonger i veka. I(bør bli sjekka dagleg i hovudssesong)

Kvar mnd i hovudsesong

- stramming av trampoline
- Sjekke vedlager
- Sjekke kunstinstallasjonane (bjørnen og reven)

Vinterstid

- Rutiner for å vurdere om ein skal måke, strø eller stenge tretoppvegen og fjellbrua

Faun Naturforvaltning AS, Klokkarhamaren 6, 3870 Fyresdal | Telefon 976 65 517 | post@fnat.no| www.fnat.no